

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/22	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	28.11.2022
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Olaf Michal Hella	22/3277

## Val av representant oppnemd av vertskommunen til styret på privatskular

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) får mynde til å velje ein representant frå heradsstyret for Osterøy kommune i kvart styre:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Representanten vert vald for eit år, fram til 31. oktober 2023, men vil frå valet i 2023 følgje kommuneval-perioden på lik line som representantane til samarbeidsutvala ved dei kommunale skulane.

## Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) - 025/22

### VN - behandling:

Utvalet sette fram slikt fellesframlegg:

"Representantar frå heradsstyret til styret i private skular:

Hjellvik Montessoriskule: Kari L. Mjøs

Hosanger Montessoriskule: Rita Tveiten

Hamre grendaskule: Alf Terje Mortensen

Danielsen Ungdomsskule: Bjarte Aarland"

### VN - vedtak:

Representantar frå heradsstyret til styret i private skular:

Hjellvik Montessoriskule: Kari L. Mjøs

Hosanger Montessoriskule: Rita Tveiten

Hamre grendaskule: Alf Terje Mortensen

Danielsen Ungdomsskule: Bjarte Aarland

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

I Osterøy har leiar for skule vore oppnemnd som vertskommunen sin representant i styret på private skular. Sidan Osterøy kommune har tre private barneskular og ein privat ungdomsskule er det ein del

møte leiaren skal møte på. Styret i privatskulane har møtefrekvens på 5-10 møte i året og møta går på kveldstid. Det vil ta uforholdsmessig mykje av leiarressursen om leiar for skule deltek på møta.

Samtidig er Osterøy kommune pliktig å ha ein representant slik at kommunen er orientert om arbeidet med skulen. Det er difor ønskjeleg at valnemnda peikar ut representant frå Heradsstyret for Osterøy kommune til:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

## Bakgrunn

Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) seier:

### **§ 5-1. Styret**

*Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Skolen sitt styre skal oppnemnst i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter.*

*Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:*

- ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole,*
- ein representant for elevrådet ved skolar som har slikt råd,*
- ein representant frå foreldrerådet ved skolar som har slikt råd,*
- ein representant for undervisningspersonalet ved skolen,*
- ein representant for andre tilsette ved skolen,*
- dagleg leiar av skolen.*

*Departementet kan i særskilde tilfelle og etter søknad gjere unntak frå andre ledd.*

*Ved handsaming av saker der det gjeld teieplikt etter lov og forskrift, skal styret sørge for at personar med møterett som er under aldersgrensa for å vere myndige, må forlate møtet.*

Ved dei kommunale skulane er samarbeidsutvalet heimla i opplæringslova § 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar:

*«Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.*

## Vurdering

Osterøy kommune har rett til å møte i styret etter privatskulelova §5-1. Representanten skal både representere vertskommunen og gje informasjon tilbake til kommunen som er relevant. Det er difor naudsynt å peike ut representant til styret på dei ulike skulane.

Ved å velje ein kommunal representant til styret i privatskulane vil kommunen behandle alle skulane

likeverdig.

### **Konklusjon**

Valnemnda peikar ut ein representant frå heradsstyret for Osterøy kommune til styret på:

- Hamre grendaskule
- Hjellvik Montessoriskule
- Hosanger Montessoriskule
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Saka vert sendt til formannskapet med innstilling til heradsstyret